

Leiar

Å gje litt – og få litt

Tysdag var det tautrekking og debatt om fordeling av etatar og arbeidsplassar i ein eventuell ny Midt-Telemark-kommune. Forhandlingsutvalet med representantar frå kommunane Bø, Nome og Sauherad blei einige om lokaliseringsskabelen – enn så lenge. Igjen står tre kommunar som både har gjeve frå seg noko og fått noko – nokon meir eller mindre i begge endar.

Nome blei vinnaren om ein skal sjå på talet på administrative stillingar. Kommunen står att med nesten halvparten av arbeidsplassane. 100 av i alt 215 flyttbare stillingar går austover i regionen. Det er 30 meir enn Nome har i administrasjonen i dag. Sauherad får 52,5 og Bø 62 stillingar. Både Bø og Sauherad ga frå seg arbeidsplassar for å halde på høvesvis kommunehuset og landbrukskontoret. Begge desse var viktige for Nome å få. Likevel – alle må gje og ta i ein forhandlingsprosess. Sjølv om alle tre partane ikkje var heilt fornøgde med resultatet tysdag (kamelsvelging kan vere smertefullt), er ein nå likevel einige om ei avtale. Den er enno ikkje ferdigforhandla, og skal opp til folkeavstemming tidleg i april. Da får ein sjå om innbyggjarane går med på det som politikarane har lagt opp til.

“Her er nødvendig med stor openheit og god og relevant informasjon til innbyggjarane framover.”

Det skal vere lov til å gje ros til dei som har jobba med forhandlingar og avtalebygging dei siste vekene. Både politikarar og administrasjon i dei tre kommunane har lagt ned eit godt og grundig arbeid for å få på plass ei intensjonsavtale. Den innsatsen må dei nå fortsetje med slik at også innspurten blir bra. Her er nødvendig med stor openheit og god og relevant informasjon til innbyggjarane framover, slik at alle har eit godt utgangspunkt når dei skal stemme ja eller nei til kommunesamanslåing.

Når det endelege resultatet kjem er det viktig å ta det til etterretning – uansett kva det blir. Korleis det til dømes skal gå ved ei eventuell samanslåing er avhengig av korleis ein tek det. Skulle ein få ein ny Midt-Telemark kommune må ein sjå framover og merke seg alle dei gode tingane me har og kan skape i fellesskap i den flotte regionen vår. Glede og entusiasme får fart på det meste, kanskje til og med ei kommunesamanslåing.

Hilde Eika Nesje

Hilde Eika Nesje
Ansvarleg redaktør

Fornøgde bruk

Brukarundersøking viser at NAV Bø gjev sine brukarar god service og hjelper dei vidare med det dei ønskjer mest av alt, nemleg jobb eller utdanning.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf 906 38 453

I november 2015 blei den årlege brukarundersøkinga gjennomført ved NAV Bø. 69 personar deltok i undersøkinga der brukarane får høve til å gje tilbakemelding om kor nøgde dei er med tenestene som blir gjevne. Svarene er svært nyttige for vidareutvikling av NAV-kontora.

Hovudspørsmåla går på om brukaren blir møtt med respekt, om ein får den servicen ein treng, om ein er trygg på å få rettighetene ein har krav på samt informasjonen ein har behov for, og om brukaren får lagt fram saka si på ein grei måte.

Gode resultat

Undersøkinga gjev NAV Bø svært gode skussmål på alle spørsmåla. Bø-kontoret skårar faktisk mellom 5,1 og 5,5 på dei fleste tema. 6,0 er maks skåre. NAV-kontoret går fram på alle spørsmåla i høve året før.

På eit av hovudspørsmåla: ”eg får den service eg treng frå NAV-kontoret” får Bø-kontoret 5,2, som er ein framgang frå 4,4 frå året før. Det plasserer kontoret i Bø på fjerde plass blant dei 18 kontora i Telemark. Snittet for Telemark er 4,9.

– Undersøkinga viser at me har lukkast med mykje og oppnådd gode resultat for brukarane våre, seier leiar ved NAV Bø, Arne Morten Berntzen, og legg til at alt over fem i poengskår er gode resultat.

Berntzen slår fast at NAV Bø jamt over leverer gode tenester,

spesielt på god rettleiing, og bidrar til at folk får moglegheit til å komme ut i arbeidslivet.

– Trass i tøffe tider på arbeidsmarknaden har me i 2015 levert fleire ut i jobb og særleg positive resultat har me for unge under 25 år, seier han, og viser til ein liten nedgang i arbeidsledigheita i Bø i fjor. Bø har ved årsskiftet 2,4 prosent av arbeidsstyrken heilt ledig.

Suksessfaktorar

NAV-leiaren er sikker på at det er tre hovudfaktorar som gjev dei gode resultat.

– God oppfølging og rettleiing for brukarane, stadig større arbeidsretta fokus og at me er meir aktive ute i næringslivet, seier han for å forklare gode resultat.

NAV-folka er meir ute i næringslivet for å finne kva som er behova og kva kompetanse ein ser etter.

– Då kan me også finne dei rette folka som arbeidsmarknaden ser etter, seier han.

Eit av tiltaka som har gjeve resultat er prosjektet Talenter for framtida for unge under 25 år. Dette prosjektet er frå årsskiftet gjort til fast driftsform med to eigne tilsette med oppgåver for alle dei tre Midt-Telemarkkommunane. Her har Bø fått rolla som vertskommune.

Utan skranke

Berntzen seier at NAV Bø har eit stadig større fokus på arbeidsretta løysingar. Han peikar på at dei i organiseringa av arbeidet har teke bort ein tilsett i skranken som i staden blir brukt på arbeid saman med brukar for å få brukaren ut i jobb.

– Me har fått stadig betre IKT-system som gjer at tenestene våre er tilgjengeleg på data året og døgnet rundt. Ytterlegare endringar kjem nok ved at heile skrankesystemet blir teke bort



slik at alle tilsette jobbar i rettleiingstenesta i framtida, seier han, og legg til NAV er i endring ved at ein blir meir løysingsorientert og jobbar stadig tettare på brukaren.

Berntzen fortel at resultat

 **Bøblad**

31. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2014: 2622
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Journalist:
Gro B. Røiland
930 22 398
gro@boblad.no



Salsansvarleg:
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonsor:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonsor@boblad.no

Frilansarar:

Glenn Isaksen
Jon Bjonas
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:

Halvår kr 580,- heilår kr 920,-
Studentab. kr 580,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Adresse: Rådhusgata 17,
Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo.
E-post: pfu@presse.no
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55